

Reigstad bygg og Eigedom AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/6110 - 14/19753

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

01.09.2014

Svar på førespurnad vedkomande gbnr 106/34 Fanebust

Det vert vist til innsendte førespurnad vedkomande gjeldande reguleringsplan på gbnr 106/34. Lindås kommune beklagar at førespuranden ikkje er svart på tidlegare.

Eigedommen er regulert til bustadområdet i reguleringsplanen for Fanebust Terrasse Krossleitet, og ligg innanfor det som er vist som ein eksisterande bebygd bustadtomt i plankartet.

Denne eigedommen er seinare vorte delt i frå, og den delen som bustaden står på er gbnr 106/33.

Ut i frå gjeldande plankart så var det ikkje planlagt fleire bustader på denne eigedommen (106/34). I skildringa til planen er det vist til at det er opna for 3 tomtar innanfor planområde C, det som på plankartet er vist som gbnr 106/7.

Slik byggesak tolkar reguleringsplanen så er den regulerte bustaden på 106/34 vist som ein eigedom med eksisterande bygg. Reguleringsplanen opnar ikkje for fleire bustader på denne eigedommen. Dersom ein ønskjer å bygge på det som i dag er 106/34, så vil det krevje dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.

Når det gjeld spørsmålet om kva som er tillatt utnyttingsgrad, så går dette fram på plankartet der det er vist at $U=0,1 - 0,2$. I høve til kva ein kan byggje, vert det vist til føresegnene til planen.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:

Reigstad bygg og Eigedom AS